



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

SYSSELMANNEN PÅ SVALBARD

GOVERNOR OF SVALBARD
ГУБЕРНАТОР СВАЛБАРДА

Vår saksbehandler:
Marie Helene Korsvoll

Vår dato:
11.04.2008

Vår ref: (bes oppgitt ved svar)
2008/00199-2
a.008
Deres ref:
05/1011-29

Deres dato:
06.02.2008


Høyring - Ny lov om Husbanken

Vi viser til høyringsbrev av 6. februar 2008 der forslag til ny husbanklov er lagt ved, og telefonsamtale med Jørgen Hafstad 9. april i år.

I dag blir spørsmålet om Husbanklova gjeld på Svalbard regulert av forskrift 23. juli 1976 nr. 3829. Det følger av forskrifta at lov av 1. mars 1946 nr. 3 om Den Norske Stats Husbank skal gjelde for Svalbard med enkelte tilpassingar. Utkast til ny lov om Husbanken har i § 2 ein heimel til å gjere lova gjeldande for Svalbard, medan det følger av lovutkastet § 14, tredje ledd at forskrifter gjeve i medhald av lov av 1. mars 1946 nr. 3 om Den Norske Stats Husbank skal gjelde også etter at den nye lova er sett i verk. Det vil då i utgangspunktet innebære at lova frå 1946 framleis skal gjelde på Svalbard sjølv etter at den nye Husbanklova har teke til å gjelde.

Sysselemannen forstår Kommunal- og regionaldepartementet slik at ein ikkje ønsker ein slik situasjon, og at forskrifta frå 1976 vil bli utan meining etter at den nye Husbanklova har teke til å gjelde då ho viser til ei lov som er oppheva. Verknaden blir då at når den nye Husbanklova blir sett i verk, vil ho ikkje gjelde for Svalbard før ein har vedteke ei ny forskrift med heimel i den nye Husbanklova § 2. Sysselemannen er einig med departementet i at ein bør setje i verk arbeidet med å utforme ei slik forskrift så snart som mogleg, og då helst slik at denne forskrifta kan setjast i verk samstundes med at den nye Husbanklova tek til å gjelde. Vi bed om at Sysselemannen og Longyearbyen lokalstyre blir teke med i forskriftsarbeidet.

Med helsing


Elisabeth B. Løvold
Ass. Sysselemann


Marie H. Korsvoll
Juridisk rådgjevar

Kopi: Justisdepartementet, Longyearbyen lokalstyre